



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

29.04.2025

Vår ref:

2023/12641

Dykkar dato:

09.04.2025

Dykkar ref:

202320160

Noregs vassdrags - og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om ny straumforsyning til dam Fossvatn og dam Seltuftvatn - Høyanger kommune og Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg nye naturinngrep. Vi tilrår at straumkabelen til damanlegget i Seltuftvatnet blir lagt som jordkabel utan vegbygging, då ein ny veg vil gi vesentleg større negative konsekvensar for både naturmiljø og landskap.

Vi viser til høyringa av søknad om ny straumforsyning til dam Fossvatn og dam Seltuftvatn.

Om søknaden

Statkraft søker om å få etablere tre nye nettstasjonar (ved dam Fossvatn, dam Seltuftvatn og i Stordalen), 5,2 kilometer 24 kV kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og dei tre nye nettstasjonane (figur 1).

Kabeltraséen er planlagt langs Markesetvegen på nordsida av Fossvatnet, og nordover mot Seltuftvatnet. Det er utgreidd to alternativ; alternativ 1) jordkabel i planlagt ny anleggsvei mellom dei to vatna, og alternativ 2) jordkabel i terrenget.

Konsekvensvurderinga i miljørapporten er at tiltaket vil ha *stor negativ konsekvens* for naturmangfald ved gjennomføring av alternativ 1, og *noko negativ konsekvens* ved gjennomføring av alternativ 2.

E-postadresse:

sfvlpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvalteren.no/vl

Org.nr. 974 760 665



Figur 1: Kart frå søknad; viser planlagt nettstasjon, kabeltrasé og ny tilkomstveg.

Vår vurdering

Vi legg til grunn at tiltaket blir gjennomført etter prinsippa i naturmangfaldlova om berekraftig bruk. Dette inneber mellom anna krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, slik at tiltaket blir utført med minst mogleg nye naturinngrep. Alle anlegg bør tilpassast godt til terreng/landskap, og området bør setjast i stand i tråd med moderne praksis, basert på lokal frøbank.

Det er identifisert tre naturtypelokalitetar i miljørapporten; ei naturbeitemark ved Lonestølen, ei seminaturleg myr same stad, og boreal hei mellom Fossvatnet (611 moh) og Seltuftvatnet (811 moh). I dette området går skoggrensa ved om lag 700 m høgde, så vi stussar litt over valet av naturtypen boreal hei, som er definert slik i Miljødirektoratets instruks: «*Boreal hei er et resultat av hogst og rydding av skog og påfølgende sommerbeiting med husdyr. (...) Boreal hei er avhengig av skjøtsel i form av moderat sommerbeite og rydding av busker og trær for ikke å gro igjen og gå over til skog*». Det er ikkje noko som tyder på at det har blitt rydda skog i dette området i historisk tid, og eventuell gjengroing ligg nok eit godt stykke inn i framtida sjølv om klimautviklinga held fram som no.

Truleg er nok *kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra* eit meir naturleg val av naturtype. Dette betyr likevel ikkje så mye for konsekvensvurderingane, for sjølv om denne naturtypen berre er rekna som nær truga, vil lokaliteten uansett få stor verdi i tabell 2 på side 34 (vi går her ut frå at endring av naturtype ikkje påverkar vurderinga av høg lokalitetskvalitet, noko det neppe er grunn til).

Kartleggingsarbeidet blei gjort 10.-11. oktober, noko som er for seint for fleire artar (mellom anna karplantar og fugl), og dette er truleg grunnen til at raudlista mosar har blitt ein eigen kategori i tabell 2. Det seint gjennomførte feltarbeidet gav ikkje grunnlag for å inkludere så mange fleire artsgrupper i kategorien raudlista artar.

For planter og andre fastsittande artsgrupper er influensområdet elles ganske snevert definert, mens det for mobile artar er definert til éin kilometer frå tiltaket. Vi kan likevel ikkje sjå at den sistnemnte kategorien er vist til i tabell 2 over verdi-, påverknad- og konsekvensvurdering, sjølv om det finst relevante data i Artskart.



Innanfor det definerte influensområdet er det mellom anna registrert raudlista fuglearter som fiskemåse (VU), (heilo (NT), raudstilk (NT) og gauk (NT). Dette er ein vesentleg mangel med tanke på avvegingane mellom alternativ 1 og 2, sjølv om mangelen til ein viss grad er kompensert ved at omsyn til fugl er omtalt i del 8 (konsekvensar i anleggsperioden) og del 9 (skadereduserande og kompenserande tiltak).

Når det gjeld fugl, ser vi elles at norske ansvarsartar berre er registrerte innanfor det smale influensområdet for plantar og andre fastsittande organismar, i staden for å bruke influensområdet som er definert for fugl. Fjellrype, lirype, heilo, heipiplerke, bjørkefink, gråsisik og gråtrast er ansvarsartar som er påvist i influensområdet for fugl, og av desse er fjellrype, lirype, heilo og heipiplerke potensielt hekkande innanfor heile influensområdet, mens resten kan hekke i dei små partia med fjellbjørkeskog i nedre del. Norske ansvarsartar er definerte som spesielt omsynskrevjande artar i rettleiar T-2/16, og verdivurderinga for punkt 5 i tabell 2 må derfor justerast opp frå *middels* til *stor verdi*.

Dersom vegen fører til meir turtrafikk eller annan menneskeleg aktivitet i området, kan dette føre til at området går ut av bruk som hekkeområde, og at rett påverknad i så fall bør vere *forringa*. Også her er mangelen til ein viss grad kompensert gjennom omtalen av fugl i del 8 og 9 i miljørapporten.

Med unntak for desse punkta meiner vi likevel at konsekvensutgreiinga for naturverdiar er bra gjennomført, og at vurderingane som er gjort i rapporten er godt grunngjevne. Dei nemnde manglane understrekar likevel behovet for å leggje ekstra vekt på den store forskjellen i konsekvens mellom alternativ 1 og 2.

Ein anleggsveg vil altså bli eit langt større inngrep i sårbar fjellnatur enn ein smalare jordkabeltrasé, som kan tilbakeførast til naturareal. Vi meiner at jordkabelen bør leggjast etter alternativ 2, utan ny veg mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Høyanger kommune
Sunnfjord kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 159
Postboks 338
Postboks 7900

6991	HØYANGER
6802	FØRDE
5020	BERGEN